

Sundagen - ein annleis dag

21.01.2015

Sundagen er ein annleis dag for familie, lag og organisasjonar, held Kristeleg Folkeparti i Kvinnherad fram i resolusjonen om sundagsopne butikkar som vart behandla under årsmøtet i Uskedalen. Partilaget peikar på at dei fleste gjer det dei kan for å skjerme sundagen for arbeid fordi dei går glipp av mykje sosialt om dei har ei arbeidsveke som bryt med fleirtalet.

Nokon må likevel jobba fordi ein treng sjukehus, samferdsel med meir som er oppegåande til kvar ei tid. Men treng vi større press på annleisdagen og det sosiale handlingsrommet, spør partiet i resolusjonen,

Det spør også om det er større forbruk vi treng og om vi treng reformer som store deler av folket ikkje vil ha.

Butikkjedene seier at distrikta vil tapa på sundagsopne butikkar. Er det større utfart til store, sentrale butikkssenter vi treng, undrar partiet.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen